

Saksliste for møte i Samarbeidsutvalget (SU) Ombo oppvekstsenter

Måndag 18. september 2023, 08.30-10.00

Møte nr. 3/2023.

Møte fysisk og på Teams.

Innkallinga er sendt til:

Hege Berglund (leiar FAU og repr. foreldre 5.-7. klasse), Marius Trøim (repr. foreldre barnehage), Sunniva Nårstad (repr. foreldre 1.-3. klasse), Rasmus Bø (repr. tilsette skule), Tove Bergjord Tysdal (repr. tilsette barnehage), Frid Rørheim (repr. andre tilsette), Eline Wolden Bersagel (repr. Stavanger Kommune), elevrådet (Adrian Vestersjø, Anna Serina Nes og Nora Berglund v/ Rasmus Bø), Hanna Skartveit (rektor og referent).

Eline Wolden Bersagel deltok på Teams. Ikkje møtt: Marius Trøim.

Sak 1-23/24: Godkjenning av møteinkalling og saksliste.

Godkjent.

Sak 2-23/24: Godkjenning av referat frå SU-møte 8. mai 2023.

Godkjent.

Sak 3-23/24: Val av ny SU-leiar.

Sunniva Nårstad ble einstemmig valt til ny SU-leiar.

Sak 4-23/24: Saker frå Elevrådet.

- Om sparkesyklar (frå førre møte).
 - o Hanna informerte om at skulen ikkje har komme lenger med å sjekke dette.
 - o Det blei avgjort at vi sjekkar kva type og kjøper inn på budsjettet til dette året. Men pga. vårforholda nå ventar vi til våren med å ta dei i bruk.
 - o Elevrådet vil jobbe med å formulere reglar for bruk.
- Elevrådet har ikkje hatt så mykje aktivitet fordi dei har få saker å jobbe med. Dei ønsker fleire reelle arbeidsoppgåver/saker.
 - o Eit forslag er at dei kan begynne å planlegge kjøkkenhagen i atriumet.
- Ønske om zipline.
 - o Om dette ikkje kjem inn i prosjekt uteområde kan vi kanskje bruke av eige budsjett. Rasmus sjekkar kva som kan vere aktuelt og pris. Vi veit meir om kva som skal gjerast etter onsdag denne veka. Det blei presisert at dette må vere trygt og sikkert. Men skulen kan ikkje sette opp noko slikt utan at det er sikra etter retningslinjene til Stavanger kommune.

Sak 5-23/24: Informasjon frå rektor.

- Oppstart av arbeid på uteområdet.

- Oppstartsbefaring førstkommande onsdag.
 - Forventa start på arbeidet er veke 39 (måndag 25. september).
- Nytt kommunikasjonssystem: Vigilo.
 - Skulen har ikkje fått inn så mange samtykker gjennom Vigilo. Hanna skal purre på det.
 - Vi kjem ikkje til å gå heilt over til kommunikasjonsmodulen i Vigilo før vi er nøgde med systemet. Per i dag har dei tilsette ikkje ein app for å sende/motta meldingar, men må gå inn via jobb-PC. Då den ikkje er med i lommen kan dette fort bli sårbart og vi er redd for at meldingar ikkje blir sett i tide. Hanna har meldt dette inn til IT som ei utfordring og ytra ønske om at dei tilsette også får ein app.
 - Vi kjem til å bruke Vigilo meir og meir, men meldinger kan framleis også sendast på SMS eller per telefon.
- Spesielle dagar i haust.
 - Insektsdag.
 - Måndag 25. september.
 - DKS.
 - Første, og einaste, førestilling i haust er på Fogn 19. oktober. Førestillinga er for 1.-7. trinn og heiter «Lyriaka».
 - Til våren blir det ei førestilling til for 1.-7., ei for 1.-4. og ei for 5.-7. 5.-7. skal reise til Utstein Kloster.
 - Alle DKS er felles med Fogn og Sjernarøy.
 - 7. klasse-treff på Finnøy.
 - Det blir i haust, men datoer er ennå ikkje avklart.
- Personalet på skulen i haust.
 - Asjen har foreldrepermisjon frå 2. oktober til 12. januar. I den perioden vil Frid vere vikar for Asjen og Johne Halsne vil vere vikar for Frid.
- Samarbeid mellom barnehagane på Ombo og Fogn.
 - Tove orienterte kort om samarbeidet mellom Ombo og Fogn. Annankvar onsdag får vi besøk av Fogn og annankvar torsdag reiser vi til Fogn. Nokre dagar vil det vere felles aktivitetar ein annan plass, t.d. tur til biblioteket eller til Stavanger.
- 10. klasse-revyen på Finnøy blir i år i januar 2024.
- Morten Nedrebø er tilsett i 50 % fast stilling ved Ombo oppvekstsenter. Alle dei tre barnehagane har fått ei slik stilling for å styrke personalet og redusere vikarbehovet. Då det ikkje er behov for meir personale i barnehagen dette året, vil Morten si stilling blir delt mellom barnehagen på Sjernarøy og SFO på Ombo. Vi kan gjere dette fordi vi er ei virksomheit.

Sak 6-23/24: Saker frå FAU.

- FAU ønsker å lage lunsj til skulen av og til. For eksempel i samband med månadssamlinga eller julelunsj (om det ikkje blir graut).
- Veldig positivt mottatt, kjør på!

Sak 7-23/24: Ymse.

- Spørsmål: Kva skjer med referata frå SU?
 - o Dei blir lagt ut på minskole, men ikkje før dei er godkjent i SU. Dvs. at det blir eit etterslep til neste møte har funne sted.
- Blir det gratis skulemat her? Det er usannsynleg. Nytt kommunestyre ønsker ikkje ei øyremerking av pengar til skulemat, men heller at dette skal vere opp til kvar skule. Dette vil nok i dei fleste tilfella ikkje bli prioritert i stramme skulebudsjett. Ordninga er krev også utstyr og ekstra personale.

Sak 8-23/24: Neste møte.

- Måndag 20. november 08.30-10.00